

Hovedformålet med
eigarskapspolitikken og
eigarmeldinga er å legge til
rette for eit profesjonelt
eigarskap som aktivt følgjer
opp kommunen sine
eigarinteresser.

Eigarmelding

Sande kommune 2023-2027

Vedteke i K.sak 08/24



Innhold

Innleiing.....	3
Del I.....	5
Prinsipielle sider ved kommunens eigarskap til selskap.....	5
Grunngjeving for kommunalt eigarskap i selskap	5
Avgrensing av eigarskapspolitikken	5
Oversikt over selskapsformer	7
Interkommunalt politisk råd	7
Kommunalt oppgåvefellesskap	8
Vertskommunesamarbeid	8
Kommunale føretak (KF).....	9
Interkommunalt selskap (IKS)	10
Samvirkeføretak (SA).....	11
Aksjeselskap (AS).....	12
Foreiningar	14
Stiftingar	14
Eigarrolla.....	15
Prinsipp for god eigarstyring – tilråding frå KS	15
Vurdering og val av selskapsform	16
Føremål med kommunen sin eigarskap	16
Selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter	17
Utbytte	17
Eigarmøte	17
Direkte informasjon til kommunestyret	17
Utøving og oppfølging av kommunalt eigarskap	17
Generelt om styring og kontroll av selskap.....	17
Kommunestyrets rolle og ansvar	18
Val av utsending til generalforsamling/eigarorgan	18
Styret	19
Val av styre	19
Forventningar til styrets samansetning	19
Styrets rolle og ansvar	20
Registrering av styreverv	21
Habilitetsvurdering av styrerepresentantar	21
Styrehonorar	22
Opplæring av og informasjon til folkevalde.....	22

Eigarutval.....	22
Kontrollutvalets rolle og ansvar	22
Ordførars rolle og ansvar	23
Kommunedirektørens rolle og ansvar	23
Andre forventingar	24
Lønspolitikk og arbeidsgjevarpolitikk	24
Miljø	24
Samfunnsansvar og etikk.....	24
Openheit og innsyn	25
Forholdet til offentlege anskaffingar	25
Korrupsjon og kvitvasking	26
FN sine berekraftsmål	26
Bidra til lokal utvikling og gode tenester til våre innbyggjarar	26
Del II.....	27
Om eigarskapsmelding del II	27
Oversikt eigarskap/deltaking.....	27
Selskaps- og føretaksformer for kommunal sektor	27
Aksjeselskap der Sande kommune eig aksjar	28
Samvirkeføretak (SA) der Sande kommune eig andelar	36
Interkommunale selskap (IKS) som Sande kommune har eigardel i.	37
Anna eigarskap/eigaransvar	39

Innleiing

Kommunane har eigarinteresser i ei mengde ulike selskap, og det er viktig at kommunane utøver godt eigarskap. Som eigar må ein vurdere kva ein skal eige, og korleis ein skal eige. Ved å utøve eigarskapet på ein måte som sikrar langsiktegheit og forutsigbarheit, skapar ein gode rammevilkår for selskapa.

Hovudføremålet med eigarskapspolitikken og eigarmeldinga er å legge til rette for eit profesjonelt eigarskap som aktivt følgjer opp kommunen sine eigarinteresser.

Eigarskapspolitikken skal gje klare og forutsigbare styringssignal som sikrar langsiktig verdiskapning og oppfylling av selskapet sine mål og formål. Gjennom eigarskapspolitikken konkretiserer eigar kva ein forventar av det enkelte selskap. Dette kan dreie seg om fokus på avkastning i dei selskapa der eigarskapet karakteriserast som finansielt, eller fokus på ivaretaking av viktige samfunnsomsyn der selskap er oppretta for å ivareta andre målsetjingar og samfunnsoppdrag.

Eigarskapsmeldinga skal være eit overordna politisk styringsinstrument for løysing av oppgåver som er lagt til eit anna rettssubjekt, eller til eit anna interkommunalt organ. Eit av måla med eigarskapsmeldinga er å fastsette/ presisere dei regler, formål og prinsipp som skal gjelde ved forvaltning av eigarskap i kommunen.

At oppgåveløysing/tenesteproduksjon, som normalt er eit kommunalt ansvar, vert løyst via eigne selskap, skaper utfordringar vedkomande demokratisk kontroll, oppfølging, innsyn, ansvar, m.m. for eigarane av desse selskapa. I tillegg til lovmessige krav om at kommunane skal føre kontroll med desse selskapa, vil utføring av godt eigarskap vere svært viktig for å sikre den oppgåveløysing og tenesteproduksjon som skjer i desse selskapa.

I KommuneLOVA LOV-2018-06-22-83, kapittel 26 Eigarstyring, er kommunane i følgje § 26-1 pålagt å utarbeide eigarskapsmelding.¹

§ 26-1. Eierskapsmelding

Kommuner og fylkeskommuner skal minst én gang i valgperioden utarbeide en eierskapsmelding som skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv.

Eierskapsmeldingen skal inneholde

- a) kommunens eller fylkeskommunens prinsipper for eierstyring.*
- b) en oversikt over selskaper, kommunale eller fylkeskommunale foretak og andre virksomheter som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser eller tilsvarende interesser i.*
- c) kommunens eller fylkeskommunens formål med sine eierinteresser eller tilsvarende interesser i virksomhetene nevnt i bokstav b.*

Ein har valt å dele rapporteringa som kommunestyret skal vedta inn i to deler.

Del I av eigarmeldinga refererer til kommunelova § 26-1 a, og omtalar kommunen sine prinsipp for eigarstyring. Den definerer kommunen si eigarrolle og korleis kommunalt

¹ Jf. KS si anbefaling nr 4.

eigarskap skal utøvast. Den gjev retningslinjer for prinsipielle utfordringar, samfunnsansvar og etikk. Det vert og gitt ei oversikt over ulike selskapsformer.

Eigarskapspolitikk er dei overordna styringssignal som kommunen legg til grunn for forvaltinga av selskapa og eigardelane. Det gjeld dei retningslinjer og rutinar kommunen har for å utøve eigarskap. Det omfattar vurderingar som vert gjort for val av selskapsorganisering, rutinar for rapportering, premissar for val av medlemmer til styrande organ mm. Eigarskapspolitikk er det praktiske rammeverk for kommunen si styring.

Eigarstrategi er dei føringar kommunen legg til grunn for dei enkelte selskapa for å sikre at selskapa føl dei målsettingar som eigarane har bestemt. Det vert gjort gjennom fastsetting av vedtekter og føremål samt å gje rammevilkår som er styrande for utvikling av selskapa.

Del II av eigarmeldinga refererer til kommunelovens § 26-1 b og c, med oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemder som kommunen har eigarinteresser i; samt kommunens formål med sine eigarinteresser, omtale av kvart av selskapa som kommunen har eigarskap i, og ei vurdering av fortsett eigarskap.

*

Eigarskapsmelding Del I og II vert lagt fram samla til politisk handsaming i starten av kvar valperiode.

Januar 2024

Kommunedirektøren

Del I

Prinsipielle sider ved kommunens eigarskap til selskap

Grunngjeving for kommunalt eigarskap i selskap

Hovudregelen er at kommunale tenester vert produsert og ytt i egen regi, underlagt kommunedirektørens ansvar og mynde, med direkte folkevalt kontroll og styring. Der oppgåveløysinga er organisert i ulike selskap, har dei folkevalte meir indirekte styringsmidlar til rådvelde. Kva styringsmidlar som kan nyttast, varierer etter kva selskapsform som er nytta.

Hovudformålet med eigarstyringa er å sikre ei god utvikling for selskapa, langsiktig verdiskaping, god oppgåveløysing, og god og forutsigbar styring. Eigarstyringa skal følge opp vedteken eigarskapspolitikk og eigarstrategiar. Løpande eigarstyring skal:

- sikre regelmessig og formalisert kontakt mellom kommunen og selskapa
- sikre god rapportering på mål og forventningar
- sikre gode prosesser ved gjennomføring av val, strategiutvikling, mv.

Kommunen arbeider for gode tenester til befolkninga og størst mogleg samla verdiskaping innanfor bærekraftige rammer. Med verdiskaping gjennom kommunalt eigarskap må i denne samanheng vurderast i kommune sin måloppnåelse. Kommunen sine mål vil kunne vere ulik i dei ulike selskapa. – frå størst mogleg økonomisk avkastning over tid til mest mogleg effektiv oppnåing av mål relatert til å ivareta samfunnsmessige omsyn.

Moment som vert vektlagt i samband med organisering i frittstående verksemd er:

- Kommunale tenester krev investeringar i infrastruktur på tvers av kommunegrensene.
- Tenesta kan driftast meir effektivt i samarbeid med andre offentlige aktørar (stordriftsfordeler).
- Tenesteproduksjonen blir meir robust ved samarbeid med andre.
- Det er ønskelig og hensiktsmessig å samarbeide om verksemda med private aktørar.
- Statlege tilskotsordningar har som føresetnad selskapsorganisering utanfor ordinær struktur.
- Skatte- og avgiftsmessege forhold gjer det økonomisk fordelaktig med selskapsorganisering.
- Selskapet opererer i ein marknad og er derfor meir tent med ei friare stilling enn den ein har i ordinær organisasjon.

Avgrensing av eigarskapspolitikken

Avtalebasert samarbeid

Samarbeid basert på ei avtale mellom to eller fleire partar, kan være eit alternativ innan områder der det er ønskelig å samarbeide med andre offentlige aktørar, men der etablering av eit sjølvstendig selskap ikkje er ønskelig eller hensiktsmessig.

Kommunen kan være vert eller deltakar i vertskommunesamarbeid etter kommunelovens kapittel 20, der verksemda inngår i vertskommunens ordinære organisasjon. Det må inngåast samarbeidsavtale mellom deltakarane.

Avtaler med andre kommunar kan etablerast med heimel i kommunelovens regler om interkommunalt samarbeid, jamfør kommunelovens del 6 §17-1. Et interkommunalt samarbeid skal føregå gjennom eit interkommunalt politisk råd, kommunalt oppgåvefellesskap eller på ein annan måte som det er rettslig tilgang til.

Vertskommunesamarbeid og anna avtalebasert samarbeid er ikkje ein del av kommunens eigarskapspolitikk. Avtaler som ligg til grunn for slike samarbeid må godkjennast av kommunestyret.

Offentlege anskaffingar/tenestekjøp - kontraktstyring

Kommunen kjøper ei rekke tenester i marknaden frå selskap dei ikkje har eigarandelar i. Dette regulerast av lov om offentlege anskaffingar med tilhøyrande forskrift, samt kommunens innkjøpsstrategi. Kjøp av tenester i marknaden er ikkje omfatta av kommunens eigarskapspolitikk.

Kommunen bestiller/kjøper og tenester frå selskap den har eigarinteresser i. Kommunes rolle som kunde hjå eigne selskap ivaretakast av kommunedirektøren, og regulerast av dei tenesteleveranseavtaler og kontraktar som inngåast mellom selskapet som utfører/leverandør og kommunen som bestiller/kunde. Dette inngår som del av kommunedirektørens kontraktstyring, og er heller ikkje ein del av eigarstyringa.

Indirekte eigarskap/aksjefond, andelslag m.m.

Kommunen har indirekte eigarskap til selskap gjennom andelar i aksjefond. Dette eigarskapet forvaltaast i samsvar med kommunens finansreglement, og er ikkje en del av kommunens eigarskapspolitikk.


Forvaltning av eigarposisjoner som ikkje gjev anledning til reell påverknad (mindre aksjeposter, B-aksjar m.m.) er heller ikkje underlagt prinsippa i kommunens eigarskapspolitikk, men høyrer inn under kommunen sitt Reglement for finans-forvaltning.

Forvaltning av kommunens andelar i eigarseksjonar, andelslag, sameigar o.l. er heller ikkje ein del av kommunens eigarskapspolitikk.

Stiftingar

Stiftingar er per definisjon sjølv eigande, og kan ikkje eigarstyrast. Dei er derfor ikkje ein del av kommunens eigarskapspolitikk.

Oversikt over selskapsformer



Figuren over illustrere ulike samarbeid- og selskapsformer, samt skilje mellom ein tenesteproduksjon som er integrert i den tradisjonelle kommune forvaltning til ein tenesteproduksjon organisert i ulike sjølvstendige selskapsformer/verksemdar.

Dersom ein ønsker å opprette ei sjølvstendig verksemd framfør å drive verksemda innanfor tradisjonell kommunal organisering, må fleire forhold vurderast. Verksemda sitt formål og karakter er avgjerande for val av samarbeidsmodell eller selskapsform. I dei tilfelle der det er behov for tett oppfølging og kontroll frå eigars side må den organiseringa som vert valt, være tilrettelagt for dette. Dette vil være spesielt viktig på områder der oppgåva er pålagt kommunen ved lov, der selskapet må samarbeide tett med andre offentlige etatar, eller der kommunen er avhengig av å kunne trekke på selskapets kompetanse. I desse tilfella kan ei organisering som Interkommunalt selskap (IKS) eller eit vertskommunesamarbeid være aktuelle selskapsformer. I dei tilfelle verksemda bærer preg av produksjon, enten i form av varer eller tenester, og i tillegg opererer i eit konkurranseutsett marknad, vil ei lausare tilknytingsform og dermed meir sjølvstende for selskapet være ein fordel. I slike tilfelle vil organisering som eit aksjeselskap være naturleg.

Det er eigars ansvar å sikre ei samarbeids- eller selskapsform som er tilpassa verksemdas føremål, eigarstyringsbehov, marknadsmessege forhold og konkurranseregelverket.

Vidare følger ein generell gjennomgang av ulike aktuelle organisasjonsformer for kommunal verksemd og interkommunale samarbeid.

Interkommunalt politisk råd

Kommunelova kap.18 har reglar om interkommunalt politisk råd. Dette rådet skal handsame saker som går på tvers av kommunegrenser. Den enkelte deltakar har uavgrensa økonomisk ansvar for sin andel av rådets forpliktingar.

Representantskapet er det øvste organet i eit interkommunale politisk råd. Alle deltakarar skal være representert med minst eitt medlem i representantskapet. Kwart kommunestyre vel

sjølv sine medlemmar. Om ikkje anna er bestemt i samarbeidsavtalen, vel representantskapet sjølv leiar og nestleiar.

Det er krav om at alle deltakare i eit interkommunalt politisk råd inngår ei samarbeidsavtale. Samarbeidsavtalen skal mellom anna fastsette kva saker rådet skal handsame, og kva mynde som er lagt til rådet.

Eit interkommunalt politisk råd etter kap. 18 kan ikkje gis myndighet til å treffe enkeltvedtak, men kan gis mynde til å gjere vedtak om interne forhold i samarbeidet, og til å forvalte tilskots-ordningar.

Kommunalt oppgåvefellesskap

Kommunelova kap.19 har reglar om kommunalt oppgåvefellesskap. Dette erstattar tidlegare såkalla § 27-samarbeid. Den enkelte deltakar har uavgrensa økonomisk ansvar for sin andel av oppgåvefellesskapets forpliktingar.


Representantskapet er det øvste organet i eit oppgåvefellesskap. Alle deltakarar skal være representert med minst eitt medlem i representantskapet. Representantskapet kan sjølv opprette andre organ til styring av oppgåvefellesskapet. Det vel sjølv leiar, nestleiar og andre medlemmer og vara medlemmer til slike organ.

Det er krav om at alle deltakare i oppgåvefellesskapet inngår ei samarbeidsavtale.

Eit kommunalt oppgåvefellesskap etter kap. 19 kan ikkje gis myndighet til å treffe enkeltvedtak. men kan gis mynde til å gjere vedtak om interne forhold i samarbeidet, og til å forvalte tilskotsordningar.

Innan 2023 må alle § 27-samarbeid gjerast om til kommunalt oppgåve-samarbeid etter ny kommunelov kap.19 dersom ikkje annen organisering blir valt.

Kommunalt oppgåvefellesskap:




Vertskommunesamarbeid

Vertskommunesamarbeid etter kommuneloven kap. 20 gjev ei kommune moglegheita for å delegerare oppgåver og utøving av offentlig mynde til ei vertskommune. Det opprettast ikkje ei eiga verksemd, men oppgåver overlatast til ei anna kommune.

Det skal opprettast ei skriftlig samarbeidsavtale som skal vedtakast av alle kommunestyra som deltek i samarbeidet.

Vertskommunen står fritt i å organisere oppgåvene den har fått delegert. Folkevalte i vertskommunen har ingen instruksjonsmyndighet på områder som er underlagt samarbeidsavtalen.


Vertskommunesamarbeid:



Kommunale foretak (KF)

Kommunelova kapittel 9 gjev regler om kommunalt foretak. Eit KF er ikkje noko eige selskap med rettslig eller økonomisk sjølvstendighet, men er ein del av kommunen.

Kommunalt foretak (KF) – Kommuneloven kap. 9:



Reglane om kommunalt foretak tek særleg sikte på å gi eit alternativ for meir sjølvstendig organisering av kommunale oppgåver. Organisasjonsforma kan nyttast både når forretningsmessige og samfunnsmessige omsyn skal ivaretakast.

Føretaket skal leiast av eit styre som har ansvar for organisering av føretaket si verksemd.

Styret har alminnelig mynde til å gjere vedtak i føretakets saker. Mynde gjeld ikkje berre den forretningsmessige sida av verksemda, men generelt forvalting av dei verdiar og oppgåver kommunen har lagt til føretaket. Styrets sjølvstendige mynde kan avgrensast i vedtekter som fastset at visse saker må være godkjent av kommunestyret for å være bindande for kommunen. Styret tilset dagleg leiar, og fører tilsyn med dagleg leiar si leing av føretaket.

Det kommunale føretaket er ein del av kommunen og er underlagt kommunestyret. Kommunestyret fastset i vedtektene den verksemd føretaket skal drive, og fastset dermed den ytre ramma for styret si mynde. Kommunestyret kan gjennom vedtektene eller andre vedtak gje bindande pålegg for føretaket. Som ein del av kommunen er føretaket underlagt kommunestyrets budsjettmyndighet. Dette betyr at dei kommunale budsjetta set rammer for føretakets verksemd, og styret er bunde av kommunens økonomiplan og budsjett.


Kommunens styrings- og kontrollmoglegheiter er fleire og meir omfattande i eit KF enn i sjølvstendige selskap. Dagleg leiar tilsettast normalt av styret. Dagleg leiar står i eit direkte underordnings- og ansvarsforhold til styret som igjen er underlagt kommunestyret. Kommunedirektør har ingen instruksjons- eller omgjøringsrett overfor føretakets styre, men kan be om utsatt iverksetjing av vedtak slik at sakene kan føreleggast kommunestyret. Rollefordelinga mellom kommunedirektør og dagleg leiar av kommunalt føretak bør avklarast ved oppretting av kommunalt føretak.²

Interkommunalt selskap (IKS)

Interkommunale selskap (IKS) er regulert i lov om interkommunale selskap av 29. januar 1999. IKS er eit eget rettssubjekt, som rettsleg og økonomisk er skilt frå deltakar-kommunane. Det har sin eigen formue og sine egne inntekter, og svarar sjølv for sine forpliktingar. Det er selskapet sjølv som inngår og er part i avtaler og har partsstilling i rettssaker og overfor forvaltningsmyndigheitene.

Eit særtrekk ved interkommunale selskap er at kvar av deltakarane har eit uavgrensa ansvar for ein prosent eller ein brøkdel av selskapets samla forpliktingar. Dette skil interkommunale selskap frå aksjeselskap, der deltakaransvaret er avgrensa. Samla skal deltakarane sine ansvarsandelar utgjere selskapets samla forpliktingar.

Interkommunalt selskap (IKS), IKS-lova:



² Jf. KS si anbefaling nr 20.

Det skal opprettast ei skriftleg selskapsavtale for eit IKS som skal vedtakast av kommunestyret i kvar deltakarkommune. Dersom ein deltakar er eit IKS, skal avtalen vedtakast av representantskapet. Selskapsavtalen skal minimum følgje lova sine krav.

Selskapets øvste myndigheit er representantskapet. Representantskapet er eigaranes organ, og deltakarkommunenens eigarmynde utøvast av representantskapet. Dette inneber at den enkelte deltakarkommune ikkje kan utøve direkte eigarmynde ovanfor selskapets styre eller administrasjon.

Kvar deltakarkommune skal ha minst eitt medlem i representantskapet. Kommunestyret vel representant og vararepresentant til representantskapet. Det er ikkje mulig å møte med fullmakt i representantskapet, slik det er i generalforsamling i aksjeselskap. Innkalling til representantskapet bør skje med minst fire veker varsel og skal innehalde sakliste. Representantskapets leiar kan innkalle representantskapet med kortare frist der dette er påtrengande naudsynt.

Lov om interkommunale selskap legg særlege oppgåver til representantskapet. Dette gjelder fastsetting av rekneskap, budsjett, økonomiplan og val av revisor, samt vedtak om sal eller pantsetjing av fast eigedom eller andre større kapitalinvesteringar, eller vedtak om å foreta investeringar som er av vesentleg viktigheit for selskapet eller ein eller fleire av deltakarane. I selskapsavtalen kan det dessutan fastsettast at visse saker som elles hører innunder styrets forvaltningsmyndighet, må godkjennast av representantskapet.

Samla sett gjev disse reglane deltakarkommunane betre kontroll over styringa av selskapet enn det aksjeloven gjev deltakarane i eit aksjeselskap. Denne utvida kontrollen har først og fremst samanheng med selskapsdeltakaranes uavgrensa ansvar for selskapets forpliktingar. Når deltakarane påtek seg eit større ansvar er det også naturleg at styringsmoglegheitene vert utvida.

Eitkvart interkommunalt selskap skal ha eit styre som vert vald av representantskapet.

Representantskapet vel også styreleiar. Dagleg leiar tilsettast av styret med mindre det er fastsatt i selskapsavtalen at dagleg leiar skal tilsettast av representantskapet.

I forvaltninga av selskapet er styret underlagt representantskapet, og det må følge vedtak og retningslinjer som dette fastsett. Styrets forvaltningsmyndighet må vidare utøvast innanfor ramma av selskapets formål, selskapsavtalen og selskapets årsbudsjett.

Samvirkeføretak (SA)

Samvirkeføretak (SA) er ein organisasjonsform med høg grad av brukardeltaking som er regulert i Samvirkelova av 29. Juni 2007 nr 81. Det som særpregar samvirkeføretak, er at det driver økonomisk verksemd for å fremme medlemmane sine interesser.

Stiftingsdokumentet skal innehalde vedtekter, og desse vedtektene må fylle lova sine minstekrav.

Medlemmane har eit avgrensa ansvar for verksemda sine forpliktingar, og medlemskapet er frivillig og uavgrensa. Som medlem kan ein nytte dei medlemsfordelar som føretaket tilbyr, som bruk av føretakets tenester eller kjøp av varer. Medlemmar har lovbestemte rettigheter og plikter. De har plikt til å betale eventuelt innskotsbeløp og å etterleve vedtak som, fattast i

eit føretaksorgan. Medlemmene har rett til å bli innkalla til årsmøtet, ta opp saker på årsmøtet, stemme på årsmøtet, få tilgjengelige opplysningar frå leiinga på årsmøtet, rett til å få tilsendt årsregnskap, årsmelding og revisjonsmelding, rett til del av overskotet basert på medlemmenes omsetning og andre rettigheter som følger av lov eller vedtekter.

Årsmøtet er føretakets øvste organ. Årsmøtet skal haldast innan seks månader etter utgangen av kvart rekneskaps år. Det er gjennom årsmøtet at medlemmane utøver sin overordna mynde i føretaket, tilsvarende generalforsamling i AS og representantskap i IKS. Kommunen kan være representert ved fullmektig i årsmøtet, men ingen kan være fullmektig for meir enn eitt medlem i årsmøtet.

I føretak med meir enn 100 medlemmar, kan vedtektene fastsette at medlemmar kan være representert ved utsendingar. Vedtektene skal i så fall fastsette korleis disse veljast, om det skal veljast vara medlemmar for desse og kor lang valperioden skal være.

Innkalling til årsmøte skal være skriftleg og oppgje klart dei sakene som skal handsamast. Innkallings skal sendes slik at den kjem fram til mottakar minst ei veke før årsmøtet skal haldast.

Føretaket skal ha eit styre på minst tre medlemmar og ein dagleg leiar dersom ikkje vedtektene seier noko anna. Årsmøtet vel styret, og styret tilset dagleg leiar.

Aksjeselskap (AS)


Regelverket om aksjeselskap er regulert i Aksjelova av 13. juni 1997 nr. 44. Det viktigaste særtrekket ved aksjeselskapsforma er at deltakarane (aksjeeigarane) ikkje er ansvarleg for selskapets forpliktingar utover innskoten kapital.

Eit aksjeselskap som ikkje er i stand til å oppfylle sine forpliktingar, kan tas under konkurshandsaming. Eit motstykke til ansvarsavgrensinga er at selskapets eigarar ikkje rår fritt over selskapets inntekter og formue. Selskapets midlar disponerast av selskapets styre og dagleg leiar. Ønsker kommunen som eigar å ta ut midlar, må dette skje etter aksjelovens regler om utdeling av utbytte eller fondsemisjon.

Utdeling av utbytte til eigarane kan berre gjennomførast etter forslag frå styret og må vedtakast av generalforsamlinga.

Eit aksjeselskap er eit eget rettssubjekt og kan ha ein eller fleire deltakarar. Lovgjevinga setter ingen grenser for kven som kan være deltakarar (aksjeeigarar) i eit aksjeselskap. Denne selskapsforma kan derfor være tenlig dersom man ønsker å ha ulike grupper av eigarar eller legge til rette for at fleire, både fysiske og juridiske personar, kan være eigarar. Aksjekapitalen i eit aksjeselskap må være på minimum kr 30.000.

Aksjeselskap (AS) – Aksjeselskapslova:



Generalforsamlinga er aksjeselskapets øvste organ og eigarane sitt organ i selskapet.

Aksjeeigarar har rett til å møte i generalforsamlinga, enten sjølv eller ved fullmektig som må ha skriftleg fullmakt. Ein aksjeeigar har rett til å ta med ein rådgjevar til generalforsamlinga. Styremedlemmer og dagleg leiar har rett til å uttale seg på generalforsamling.

Ordinær generalforsamling skal haldast innan seks månader etter utgangen av kvart rekneskaps år.

Styret innkallar til generalforsamling i den kommunen der selskapet har forretningskontor. Innkallinga skal være sendt seinast ei veke før møtet skal haldast, dersom ikkje vedtektene har fastsett ein annan frist.

Generalforsamlinga skal handsame og avgjere følgjande saker:

- Godkjenning av årsrekneskapet
- Eventuell årsmelding
- Utdeling av utbytte
- Andre saker som etter lova eller vedtektene høyrer under generalforsamlinga

Det kan også haldast forenkla generalforsamling utan fysisk møte og med elektroniske hjelpemidlar dersom ingen aksjeeigarar motset seg det.

Styret veljast av generalforsamlinga og dagleg leiar tilsetjast av styret, dersom det ikkje er bestemt i vedtektene at dette skal gjerast av generalforsamlinga. Styret har det overordna ansvar for forvaltinga av selskapet. Dagleg leiar skal styre selskapet etter de planer, retningslinjer og prinsipp styret har vedteke.

Aksjonæravtaler nyttast ofte for å regulere forholdet mellom aksjonærane. Det kan være nyttig som supplement til vedtektene som krev 2/3 fleirtal ved stiftinga og ved endringar. Aksjonæravtale kan inngåast mellom to eller fleire aksjeeigarar, men selskapet er aldri part i avtalen. Aksjonæravtalen kan regulere ulike eigarspørsmål så som fristar for innkalling til generalforsamling, stemmerett, fordeling av styreplasser, innsynsrett, innskotsplikt og forkjøpsrett.

Det er ikkje krav om offentlegheit for aksjonæravtaler, og desse skal ikkje meldast til føretaksregisteret.

Ein aksjonær har ulike rettigheter i eit selskap etter kor stor andel av selskapet vedkomande eig. For kommunen er det derfor viktig at eigarandelen er tilpassa kommunens føremål med eigarskapet. Dersom kommunen har strategiske målsetjingar for sitt eigarskap bør kommunen ha kontroll med selskapet ved å eige 50 % eller meir av aksjar med stemmerett i selskapet. Dersom kommunen ønsker maksimal innflytelse over selskapet bør kommunen eige selskapet fullt ut. Dersom eigarskapet er av meir finansiell karakter er det ikkje så avgjerande kor stor andel av selskapet kommunen eig.

Kort oppsummert med eksemplar slik:

100 % (aksjar og stemmer) I denne situasjonen trenger ikkje eigar å ta omsyn til rettigheter og regler som elles gjeld for å gje vern til andre aksjonærar. Eit selskap eigd 100 % kan sjåast på som eit dotterselskap i eit konsern, der kommunen representerer konsernet eller morselskapet.

90 % (aksjar og stemmer) Dersom ein aksjonær eig over 90 % av aksjekapitalen og stemmene i eit aksjeselskap, kan vedkomande majoritetsaksjonær tvangsutløyse dei andre aksjonærane i selskapet, og konsernbidrag kan gis mellom selskap i konsernforhold.

67 % (stemmer) Vedtak om endring av eit selskaps vedtekter føreset minst to tredeler av stemmene. Det same gjelder vedtak om fusjon eller fisjon, vedtak om auke eller nedsetjing av aksjekapital, opptak av konvertible lån, vedtak om omdanning og vedtak om oppløysing av selskapet.

50 % (stemmer) Eksempel på vedtak som vert gjort med alminnelig fleirtal er val av styremedlemmer, godkjenning av årsregnskap og vedtak om utdeling av utbytte. Vedtekter og aksjeeigaravtaler (aksjonæravtaler) kan regulere behov for breiare, men ikkje snevrare tilslutning ved slike saker.

34 % (stemmer) Dersom ein aksjonær har meir enn ein tredjedel av stemmene, vil denne normalt ha negativ kontroll over mange av dei vesentligaste vedtaka i selskapet. Særleg gjelder dette vedtektsendringar.

Foreiningar

Foreiningar er sjølvveigande, i likheit med stiftingar. Ingen kan i kraft av å hevde eigedommsrett til foreiningas formue gjere krav på andel i form av utdelingar, likvidasjonsutbytte ved oppløysing m.m.

Foreiningar har medlemmer som i kraft av sine medlemsfordeler påverkar foreininga gjennom styrer og årsmøter og er soleis «demokratisk» oppbygget.

Stiftingar

Kommunar står fritt til å etablere stiftingar (Stiftelsesloven av 2001). Stiftarane står fritt til å fastsette føremålet og stiftinga er eit sjølvstendig rettssubjekt. Stiftingar har, til forskjell frå

selskapa (IKS og AS), etter opprettinga ingen eigarar. Verken stiftarane eller andre kan med grunnlag i eigedomsrett utøve styring over stiftinga si verksemd eller gjere krav på andel i stiftinga sitt overskot. Stiftarane står heller ikkje fritt til å løyse opp stiftinga.

Eigarrolla

Prinsipp for god eigarstyring – tilråding frå KS

KS har gitt ut eit hefte med anbefalingar til kommunane om korleis eigarskap, selskapsleiing og kontroll av kommunen sine eigarinteresser bør utøvast. Siste hefte er utgitt i 2023 og er oppdatert med endringane i ny kommunelov.

KS sitt hefte gjev ei orientering om eigarstyring og selskapsleiing, ulike selskapsformer og alternative organisasjonsformer, samt forklarar desse organisasjonstypene sitt forhold til sentrale omgrep i offentleg forvaltning som forvaltningslov og offentlegheitslov.

KS kjem med 21 anbefalingar om kva kommunen bør vektlegge i sin eigarskapspolitikk, for å sikre god eigarstyring, og gjennom det nå det formål som kommunen har for sitt eigarskap.

KS sine anbefalingar om kommunal eigarskap:

1. Vel selskapsform ut frå formål og behov
2. Skil mellom skjerma verksemd og verksemd som er i konkurranse med private
3. Sjå til at folkevalde får god kunnskap om eigarskap
4. Utarbeid ei årleg eigarskapsmelding eller rapport om selskapa til kommunestyret
5. Revider styringsdokument og avtalar med jamne mellomrom
6. Hald eigarmøte med jamne mellomrom
7. Som hovudregel bør sentrale folkevalde vere representantar i eigarorganet
8. Sjå til at det er lange nok innkallingsfristar for generalforsamlingar og representantskapsmøte
9. Sjå til at det er god samansetning og kompetanse i styrer
10. Vedtaksfesta bruk av valkomité ved val til styrer
11. Sjå til at det er balansert kjønnsrepresentasjon i styrer
12. Lag rutinar for å sikre nødvendig kompetanse i selskapsstyrer
13. Som hovudregel bør styremedlemmer i morselskapet ikkje sitte i styret i dotterselskap
14. Vel numeriske vararepresentantar til styrer (ikkje personlege vara)
15. Etabler rutinar for vurdering og handtering av gildskap i styrer
16. Gjer ei prinsipiell avklaring av godtgjering for styreverv
17. Registrer styreverv i KS styrevervregister
18. Sjå til at selskapa melder seg inn i ein arbeidsgjevarorganisasjon
19. Sjå til at selskapsstyra utarbeider og med jamn mellomrom reviderer etiske retningslinjer for selskapsdrifta
20. Avklar forholdet mellom kommunedirektør og dagleg leiar av selskapet ved oppretting av kommunale føretak
21. Sjå til at kontrollutvalet er sikra gode nok rammer til å utføre sin funksjon på ein god måte

Ein har i denne eigarskapsmeldinga teke KS sine 21 anbefalingane inn i kommunens eigarskapspolitikk. Referanse til anbefaling er gjort i fotnote.

Vurdering og val av selskapsform

Det er eigaren sitt ansvar å sikre ei selskapsform som er tilpassa verksemda sitt formål, eigarstyringsbehov, samfunnsansvar, omsynet til innsyn, marknadsmessige forhold og det aktuelle lovverket.³

Selskap som opererer i ein marknad i konkurranse med andre aktørar, bør som hovudregel skilje ut den marknadsretta delen av verksemda for å unngå rolleblanding og kryss-subsidiering.⁴

Tar selskapet risiko og opererer i ein marknad bør det etablerast eit aksjeselskap.

Der selskapet skal yte tenester til eigarane i eigenregi for fleire kommunar kan interkommunale selskap vere ei hensiktsmessige form. Der ein enkeltkommune skal drive ei verksemd i eigenregi, kan kommunalt føretak (KF) vere ein hensiktsmessig form. Stiftingar bør ikkje brukast for verksemd som krev eigarstyring.

Det vert tilrådd at selskap som vert etablert som sjølvstendige rettssubjekt søker medlemskap i ein arbeidsgjevar-organisasjon for være omfatta av organisasjonen sine tariffavtaler og interessepolitisk samarbeid.⁵

Føremål med kommunen sin eigarskap

Når kommunen engasjerer seg i eit selskap, er det viktig å konkretisere kommunen sitt formål med eigarskapet. Dette formålet og eventuelt definerte strategiar for eigarskapet, bør være klart beskrive i politiske vedtak.

Ein eller fleire av dei fem kategoriane nedanfor bør leggjast til grunn for utforming av føremål og motiv for eigarskapen i dei selskapa som kommunen eig eller er medeigar i:

- Finansielt føremål - sikre at investert kapital oppnår høgast mogeleg avkastning over tid.
- Politisk føremål – der selskapet sitt føremål er avhengig av politiske prioriteringar og engasjement, t.d. for å posisjonere kommunen eller prosjekt innan kultur og samferdsel.
- Effektivisering av tenesteproduksjon – selskap som bidreg til fellesløysingar for ein meir effektiv tenesteproduksjon, t.d. renovasjon.
- Samfunnsøkonomisk motivert – der selskapet ikkje har utbytte til eigarar som mål, men vert nytta til å gjennomføre samfunnsmessige oppgåver, t.d. sikre god infrastruktur.
- Regionalpolitisk posisjonering- Føremålet kan være styrking av kommunen eller regionen sin vekst, ofte i konkurranse med andre regionar.

Kommunen sitt føremål med selskapet kan endrast over tid. Til dømes var etablering av kraftselskap i si tid motivert av samfunnsøkonomiske omsyn, nemleg å skaffe elektrisk kraft til innbyggjarane, medan eigarskapet i slike selskap i dag hovudsakleg er finansielt motivert.

³ Jf. KS si anbefaling nr 1.

⁴ Jf. KS si anbefaling nr 2.

⁵ Jf. KS si anbefaling nr 18.

Dersom kommunen sitt føremål med eigarskapet i selskapet vert endra, bør ein vurdere fortsatt eigarskap.

Kommunalt eigarskap og rolla som medstiftar bør vurderast opp mot følgjande kriterium:

- Kommunen bør ikkje gå inn i selskap som har reine forretningsmessige mål.
- Engasjement i selskapa bør ha ein samfunnsmessig funksjon
- Kommunen kan organisere deler av den kommunale/interkommunale aktiviteten som selskap dersom dette er føremålstenleg og i samsvar med aktuelle strategiar.

Selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter

Selskapet si verksemd skal tydeleggjeras i vedtektene/selskapsavtalen. Innanfor ramma av vedtektene/selskapsavtalen bør selskapet ha klare mål og strategiar.

Eigarane skal ha eit bevisst forhold til ein eventuell forventet avkastning. For selskap som opererer innanfor ein marknad skal prinsippa for utbyttepolitikk klargjerast og deretter fremmast for eigarorganet. Langsiktigheit og samfunnsansvar bør leggjast til grunn for det kommunale eigarskapet.

Føremålet i selskapsavtale/vedtekter bør vurderast med jamne mellomrom for å sjå om det er behov for endringar.⁶

Utbytte

I selskap med næringsdrift bør kommunen, som hovudregel, stille krav om utbytte frå dei selskapa kommunen er medeigar i.

Eigarmøte

Eit eigarmøte er eit møte mellom representantar frå kommunen som eigar, styret og dagleg leiar for selskapet. Eit eigarmøte er ikkje lovregulert, men er ein uformell arena der eigar og selskapet kan ha gjensidig informasjonsutveksling og drøfte utvikling og rammevilkår for selskapet.

Det bør jamleg gjennomførast eigarmøte for å bidra til god eigarstyring og kommunikasjon med selskap.⁷

Direkte informasjon til kommunestyret

Kommunestyret kan invitere styreleiar og/eller dagleg leiar til å møte i kommunestyremøte og orientere kommunestyret om selskapet si drift, utvikling og saker av interesse. Selskapet kan og be om å bli invitert til å gje ei slik orientering.

Utøving og oppfølging av kommunalt eigarskap

Generelt om styring og kontroll av selskap

Dei folkevalte har eit overordna politisk ansvar for alt kommunen er involvert i, også når verksemda er organisert i selskap utanfor kommunens ordinære organisasjon. Selskapa er sentrale aktørar for å løyse kommunens oppgåver på ein god og effektiv måte.

⁶ Jf. KS si anbefaling nr 5.

⁷ Jf. KS si anbefaling nr 6.

Innan eigen organisasjon har folkevalte organ løpande moglegheit til direkte styring. Selskapsorganisering inneber ei fristilling av verksemda som reduserer moglegheita for direkte folkevalt styring. Makt, myndighet og fullmakter overførast frå folkevalte organ og kommunedirektøren til selskapsorgana. Andre styringsverkemidlar nyttast derfor for å øve innflytelse over selskapa. Med unntak av kommunale føretak (som er en del av kommunen som rettssubjekt) er selskapa til dømes ikkje bunde av kommunens vedtekne økonomiske politikk eller arbeidsgjevarpolitikk.

Folkevalde organs påverknad på verksemd utanfor eigen driftsorganisasjon skal utøvast profesjonelt og forutsigbart innan ramma av selskapslovgjeving og anna lovverk, og i tråd med allment aksepterte eigarstyringsprinsipp. Aktiv eigarstyring er summen av dei tiltak og aktiviteter kommunen som eigar gjennomfører for å sikre styring, kontroll og utvikling av verksemda i selskapa. Eigarstyring er organisering av styre og leiing, utøving av eigarskap i selskapa sine eigarorgan, vedtekne strategiar, rapportering, styreinstrukser, vedtekter mv.

Innbyggjarane skal ha tillit til all verksemd kommunen har ansvar for, både verksemd som vert utført av kommunen, og verksemd som er organsert i frittstående selskap. Likebehandling, saklegheit, openheit og habilitet er viktig for denne tilliten.

Kommunestyrets rolle og ansvar

Kommunestyret er ansvarlig for all kommunal verksemd. For å ivareta sitt mandat må kommunestyret ha ei samla oversikt/kontroll om hele den kommunale verksemda, og den tenesteproduksjon som skjer i eigne selskap.

Kommunestyret vedtek å opprette selskap eller å tre inn i eksisterande. I etableringsfasen har kommunestyret stor innflytelse over verksemdas formål, stiftingsgrunnlag og leiande organ. Organisasjonsform bør veljast med utgangspunkt i kva oppgåver som skal utføres og føremålet kommunen har med selskapsetableringa. Val av organisasjonsform påverkar og kommunens styringsmoglegheiter og moglegheita for kontroll og tilsyn. Dette er viktige omsyn kommunestyret må ta stilling til når dei vel korleis den kommunale verksemda skal organiserast.

I driftsfasen har kommunestyret indirekte styring og kontroll med verksemda, basert på lovgitte styringskanalar og vedtekne prinsipp for eigarstyring. Styringa må skje innan dei rammer som følger av lovgjevinga for den selskapsform som er valt for verksemda. Dette gjeld og ved eventuell reorganisering, avvikling og oppløysing av verksemda.

Kommunestyret står i utgangspunktet fritt til å selje eller overføring kommunens eigenandeler i selskapet til andre, men aksjonæravtalar og selskapsform kan avgrense denne retten.

Kommunens folkevalte må gis tilstrekkelig opplæring i styringsmidlar dei har til rådighet overfor ulike verksemder.

Val av utsending til generalforsamling/eigarorgan

For aksjeselskap og interkommunale selskap vert det tilrådd at kommunestyret vel politisk leiing som eigarrepresentantar i eigarorganet.⁸ Der ikkje andre er valde av kommunestyret, representerer ordføraren kommunen i generalforsamlingar, representantskap, årsmøte,

⁸ Jf. KS si anbefaling nr 7.

m.m.. Varaordføraren kan møte i ordføraren sin stad. Formannsskapet får fullmakt til å oppnemne andre dersom ordføraren eller varaordføraren er forhindra frå å møte.⁹

Det er representant til generalforsamling/ representantskap si oppgåve å utøve kommunen sine interesser i samsvar med vedtak/fleirtalet i kommunestyret. Det bør leggjast til rette for at utsendingane kan drøfte stemmegjeving med kommunestyre i forkant. Hastesaker kan drøftast med formannsskapet. Representanten skal gis høve til å innhente råd frå administrasjonen eller ekstern rådgjeving ved behov.

Ofte er tidsfristane korte i slike saker. Orienteringane kan derfor også måtte skje i etterkant av generalforsamlinga/ representantskap. Orienteringa kan skje ved munnleg orientering eller som ei melding til formannsskap/kommunestyre.

Styret

Val av styre

Det er generalforsamling/eigarorganet sitt ansvar å sørge for at styret vert samansett og gitt dei nødvendige styringsrammer, slik at det kan utøve sitt virke som eit profesjonelt organ. Eit profesjonelt styre som kollegium består av personar med personlege eigenskapar som utfyller kvarandre kompetanse- og erfaringsmessig.

Kommunen skal som eigar vektlegge kompetanse hjå styremedlemar for å få ei samansetting av styret som best mogeleg ivaretek selskapet sitt behov. Dette kompetansebehovet vil variere alt etter selskapet sine oppgåver og føremål. Det må vurderast om styret treng politisk kompetanse eller om det er annan fagkompetanse eller nettverkskompetanse som skal prioriterast.¹⁰

For å oppnå aktive og kompetente styre skal det i større grad nyttast valkomitear ved styresamansetting i aksjeselskap og interkommunale selskap. Representantskapet/ generalforsamling vel leiar av valkomiteen. I selskap med fleire eigarkommunar bør valkomiteen si samansetting spegle kommunane sine eigardelar. Valkomiteens innstilling bør grunngjevast.¹¹

Styra i aksjeselskap og interkommunale selskap der kommunen er medeigar, bør ha mest mogeleg kjønnsbalanse, og som ein minimumsregel fyller lovmessige krav.¹²

Der det vert peika ut vara til styre bør ordninga med numerisk vara nyttast for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret. Lowverket gjev moglegheit for å peike ut enten personlege eller numeriske vara. Anbefalinga om numerisk vara er gitt ut i frå behovet for kontinuitet og kompetanse. Det vert og tilrådd at 1. vara blir invitert til styremøta for på den måten å sikre best mogleg kompetanse og kontinuitet.¹³

Forventningar til styrets samansetning

Styret er selskapets viktigaste styringsorgan. Styret har ansvar for forvaltinga av selskapet, det skal føre kontroll og formulere strategiar, godkjenne vedtak og legitimere verksemda. Ei

⁹ Jf. K-sak 76/2016.

¹⁰ Jf. KS si anbefaling nr 9.

¹¹ Jf. KS si anbefaling nr 10.

¹² Jf. KS si anbefaling nr 11.

¹³ Jf. KS si anbefaling nr 14.

svært viktig oppgåve for eigarorganet er derfor oppnemning av styret. God samansetning av styret er viktig både for selskapet og eigarane.

Det å være styremedlem i eit kommunalt eigd selskap kan være rollemesseleg problematisk når ein samtidig er tilsett eller er politiskar i eigarkommunen, jf. habilitet. Kommunen vil som eigar ha ei sentral rolle i eigarstyringa og kontrollen med selskapa, men kommunens behov og forventningar til selskapet, samsvarar ikkje nødvendigvis med det som er hensiktsmessig for selskapet isolert sett. Dette kan være i saker som omhandlar finansiering, utbytteforventningar, tenesteproduksjon etc. I denne type situasjonar vil det kunne være problematisk både å være styremedlem i selskapet og samtidig være tilsett eller politiskar i kommunen. Kommunesektorens etikkutval anbefalar at folkevalte ikkje bør sitte i styrene i kommunalt eigde føretak og selskap.¹⁴

Det er viktig å sikre kontinuitet i velfungerande styrer, og sikre den kompetanse som vert opparbeidd gjennom aktivt styrearbeid. Samtidig som det er naturleg med utskiftingar i styrer grunna lang tenestetid. Selskap utviklar seg over tid, og kompetansebehovet i styret kan endre seg som følgje av denne utviklinga. Utskifting av styremedlemmar kan og skape ein ny dynamikk i styrearbeidet.

Samansetninga av styret skal være kjenneteikna av kompetanse, kapasitet, og mangfald ut i frå selskapet sin eigenart og kommunen sitt føremål med eigarskapet.

Døme på kompetanse og erfaring som er ønskeleg i styrer er:

1. Kunnskap om selskapets verksemd, som formål, organisering, historie, strategiar, forretningsområde, avtaler og regelverk, m.m.
2. Bransjekunnskap, som kunnskap om trendar og utviklingstrekk innan bransjen, samt kunnskap om konkurrerande verksemdar
3. Spesialkompetanse og erfaring innan område som juss, økonomi/finans/ rekneskap, risikostyring, marknadsføring, HMS, tekniske fag, m.m.
4. Leiarerfaring og kompetanse knytt til organisasjonsmessige endrings-prosessar.
5. Kompetanse og erfaring knytt til offentleg forvaltning og politiske prosessar.
6. Kompetanse og erfaring knytt til styrearbeid.
7. Kompetanse og erfaring knytt til miljøarbeid, FNs berekraftsmål, m.m.

Ein aktiv eigarskap inneber at eigarane aktivt følger opp styret si drift av selskapet, og arbeider for endringar i styresamansetninga dersom eigaren meiner styret ikkje fremjar eigarane sine interesser på ein god måte.

Styrets rolle og ansvar

Det er ikkje eigar, men styret som har ansvaret for selskapsstyringa. Styret har det overordna ansvaret for forvaltninga av selskapet, og skal ivareta ein uavhengig kontrollfunksjon overfor selskapets leiging, på vegne av eigarane.

Styret utarbeider og legg fram beslutningsgrunnlag til selskapets eigarorgan i det enkelte selskap.

¹⁴ [Etikkutvalget: Folkevalgte bør ikke sitte i styret - KS](#)

Styret skal utarbeide ein plan for eige arbeid, arbeide aktivt med eigen kompetanseutvikling og evaluere si verksemd. Styret skal sørge for at det som kollegium er kompetent og profesjonelt i utøvinga av oppgåvene sine. Dette inneber at styret greier å skilje rollar og unngå rolleblanding. Dette er særleg viktig i offentleg eigde selskap sidan her er mange ulike interessentar med sine spesielle krav og forventningar.

Styret er ansvarleg for at selskapet vert forvalta lojalt i samsvar med formålet med selskapet. Styret skal difor sørge for at selskapet realiserer den visjonen som eigarane hadde ved etableringa av selskapet, og i kva lei selskapet skal styrast. Styret skal vere ein støttespelar for leiinga i selskapet, og det skal samstundes følgje opp, evaluere og kontrollere den daglege leiinga.

Kommunen som eigar forventar at styret tek ansvar for at selskapet arbeider målretta med å ivareta sitt samfunnsansvar; som etikk, samfunns-ansvarlig forretningsdrift og bærekraftig samfunnsutvikling.

Styret har ansvar for rekruttering og eventuell utskifting av daglig leiar, og å fastsette løns- og arbeidsvilkår for denne. Dersom ikkje anna er bestemt, fungerer daglig leder som styrets sekretær.

Styreverv i selskap er eit frivillig personlig verv, med det juridiske ansvaret som følger styrevervet. Det enkelte styremedlem skal ivareta selskapets interesser, og representerer ikkje politiske parti, kommunen eller andre interesser.

Ein styremedlem kan gjerast personleg ansvarleg for sine handlingar eller manglande handlingar som styremedlem. Ansvaret omfattar både økonomisk erstatningsansvar og straffeansvar. Styret bør derfor teikne eigen styreforsikring som dekker mogleg personleg ansvar som styremedlem. Kostnader til styrevervforsikring må dekkes av det enkelte selskap.

Registrering av styreverv

Alle som tek på seg styreverv for kommunale selskap skal registrere verva på www.styrevervregisteret.no.¹⁵

Habilitetsvurdering av styrerepresentantar

Ein kommunestyrerepresentant som er styremedlem i eit selskap vil kunne hamne i habilitetskonflikt mellom rolla som folkevald og rolla som styremedlem når selskapet er «part» i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 første ledd.

Inhabilitet gjeld ikkje ved behandling av overordna saker som kommunens årsbudsjett, økonomiplan og kommuneplan, då selskapet normalt ikkje vert rekna som er «part».

I tillegg til inhabilitet etter forvaltningslova § 6 første ledd, kan det oppstå inhabilitet etter forvaltningslova § 6 andre ledd når det er «andre sæereigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til upartiskheit». Her må kvart tilfelle vurderast særskilt. Kommunestyremedlem kan avklare habilitetsspørsmål i forkant ved hjelp av ein juridisk vurdering frå administrasjonen.¹⁶

¹⁵ Jf. KS si anbefaling nr 17.

¹⁶ Jf. KS si anbefaling nr 15.

Kommunal- og regionaldepartementet har laga ein eigen rettleiar for habilitet i kommunar og fylkeskommunar, der og problemstillingar kring styrerepresentasjon vert drøfta.

Styrehonorar

Styrehonorar skal være nøkterne og bør fastsetjast basert på selskapet sitt økonomiske omfang, arbeidsbelastninga i styret og styrerisiko.¹⁷

Opplæring av og informasjon til folkevalde

Kommunen bør som ein del av folkevaldopplæringa gjennomføre obligatoriske kurs og/eller eigarskapsseminar for alle folkevalde i dei ulike aspekta knytt til eigarstyring av utskilt verksemd. Den første opplæringa bør gjennomførast i løpet av de første 6 månadane av valperioden. Det vert tilrådd at kommunestyret tidleg i perioden får førelagt ei oversikt over status for selskapa.¹⁸

Eigarutval

Kommunestyret kan opprette eit eige eigarutval som kan bidra til operativ, heilheitleg og forutsigbar folkevalt eigarstyring og eigarskapsforvaltning av selskap/føretak. Eigarutvalet oppnemnst i tilfelle av kommunestyret i samband med konstituerande kommunestyremøte.

Eit eigarutval sin funksjon vil være å handsame løpande dei sakene som leggst fram for eigarorgana i dei ulike selskapa, fortrinnsvis i forkant. Eigarutvalets medlemmer får dermed god innsikt i ulike sider ved selskapa si verksemd, og moglegheit til å påverke kommunens eigarrepresentant i eigarorgana for dei ulike selskapa. Eigarutvalet har ikkje myndighet til å instruere leiinga i selskapa direkte.

Rekruttering, samansetning og utskifting av styremedlem er eit viktig verkemiddel i eigarstyringa. Eigarutvalet bør derfor være valkomite for styresamansetninga i selskapa. Det formelle valet av styremedlemmer skjer i selskapa sine eigarorgan (generalforsamling og representantskap). I kommunale føretak er det kommunestyret sjølv som er eigarorgan, og som vel styremedlemmer.

Det er i Sande ikkje etablert noko eigarutval, og dei roller som normalt vil ligge hjå eit slikt eigarutval vert lagt til formannsskapet.

Kontrollutvalets rolle og ansvar

Selskapskontroll er eit av kontrollutvalets lovpålagte oppgåver, og er eit viktig verkemiddel for å sikre at selskapa underleggast folkevalt styring og kontroll, jf. kommuneloven § 23-2 c. Selskapskontroll kan i prinsippet gjennomførast i alle typar selskap, men omfanget av selskapskontrollen påverkast av eigartilhøva i selskapa. Innsyns- og undersøkingsretten til kontrollutvalet, og/eller revisor, omfattar følgjande selskap, jf. kommuneloven § 23-6:

- interkommunale selskap (IKS)
- interkommunale politiske råd
- kommunale oppgåvefellesskap
- aksjeselskap der kommunen åleine eller saman med andre kommunar direkte eller indirekte eig alle aksjar

¹⁷ Jf. KS si anbefaling nr 16.

¹⁸ Jf. KS si anbefaling nr 3.

I disse selskapa har kommunens kontrollutval og revisor rett til å innhente de opplysningar dei finner naudsynt, og kan gjennomføre naudsynte undersøkingar. Utvalet skal varslast om, og har rett til å være tilstades i representantskapsmøte / generalforsamling.

Kontrollutvalets skal initiere evaluering av eigarstyringa i kommunen. Utvalet skal minst ein gong i kommunestyreperioden utarbeide plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal vedtakast av kommunestyret. Selskapskontrollen er todelt. Den ene delen er obligatorisk og dreiar seg om eigarskapskontroll; kontroll med kommunens oppfølging av ansvaret sitt som eigar. Den andre delen er frivillig og omfattar forvaltningsrevisjon av selskap.

Det er viktig at kontrollutvalet er sikra gode nok rammer til å kunne utføre sin kontroll på ein god måte.¹⁹

Ordførars rolle og ansvar

Ordfører møter, om ikkje anna er vedteke, som kommunens representant i selskapas eigarorgan, med de føringar eigarutvalet gjev.

For interkommunale selskap skal kommunens eventuelle andre representantar i representantskapet oppnemnast blant kommunestyrets faste medlemmer.

Ordfører kan delegere representasjonsretten til varaordfører, kommunedirektør eller annan representant for kommunen.

Ordfører har møte- og talerett i selskapa sine organ, med mindre det er formelle avgrensingar for dette.

Kommunedirektørens rolle og ansvar

Kommunedirektøren har ansvar for kommunens eigen driftsorganisasjon. Verksemd i selskap utanfor kommunen er ikkje underlagt kommunedirektørens kontroll og styring.

Kommunedirektøren har ei rådgjevande rolle overfor kommunestyret, eigarutval, selskapet sine eigarorgan samt ordfører og andre folkevalte når det gjelder selskap og føretak.

Kommunedirektøren skal stille til rådighet administrative ressursar som kan ha ein støttefunksjon for dei folkevalte, og kan bistå i utarbeiding av beslutningsgrunnlag om eigarsaker som skal handsamast av folkevalte organa; eigarstrategi, selskapsetablering/ selskapsavvikling, og eventuelle aktive grep overfor det enkelte selskap. For å sikre kommunedirektøren nødvendig informasjon, kan kommunedirektøren gis observatørstatus i styrer for selskap/føretak. I kommunale føretak har kommunedirektøren moglegheit til å uttale seg og til å instruere styret om å utsette iverksetjinga av ei sak til kommunestyret har handsama saka.

Kommunedirektøren er tillagt eit totalansvar for kommunens tenester og aktiviteter, herunder ansvaret for kommunens samla økonomi. Kommunedirektøren skal derfor sørge for prosesser som sikrar at selskapa sine vedtekne budsjettforslag innlemmast i kommunedirektørens forslag til kommunens årsbudsjett. Kommunedirektøren skal også sørge for at selskapa si rapportering vert tilpassa kommunens økonomirapportering og årsmelding.

¹⁹ Jf. KS si anbefaling nr 21.

Andre forventingar

Lønspolitikk og arbeidsgjevarpolitikk

Leiars lønsnivå i selskap der kommunen er ein betydelig eigar skal ligge på eit konkurransedyktig nivå, men ikkje være lønsleiande. Bonus- og incentivordningar bør unngåast.

Kommunens arbeidsgjevarpolitikk gjev føringar innan HMS, rekruttering, leiarutvikling, mangfald, kompetanseutvikling m.m. Kommunen forventar at selskapa har ein god arbeidsgjevarpolitikk og at denne blir utført på ein systematisk og trygg måte.

Miljø

Kommunen forventar at selskapa tek miljø- og klimaansvar. Selskapa sitt arbeid med miljø og klimaspørsmål må skje systematisk og dekke hele verdikjeda i verksemda. Mål, gjennomføring og evaluering av miljøarbeidet må være klart angitt. Selskap og føretak kor kommunen har eigarinteresser er ulike kva gjelder påverknad på ytre miljø. Dette vil nødvendigvis påverke kor omfattande rutinar og system dei ulike selskapa må utvikle for å sikre at verksemda tar naudsynte miljøomsyn. Kommunen forventar at selskapa jobbar aktivt med å redusere eigne klimagassutslepp og set mål om ein reduksjon som er i tråd med kommunes ambisjonar for klimagassutslepp. Kommunen forventar at selskapa rapporterer om eigne klimagassutslepp og arbeidet med å redusere utslippene.

Samfunnsansvar og etikk

Kommunens etiske regler uttrykker etiske normer for tilsette. Desse tek utgangspunkt i kommunen sine kjerneverdier: respekt, tillit og samhandling

Kommunale selskap forvaltar fellesskapet sine ressursar. Forvaltninga skal skje på ein måte som samsvarar med kommunen sine kjerneverdier og styrkar befolkninga si tillit til forvaltninga av fellesskapet sine ressursar. Omdømme til kommunen vil i aukande grad avhenge av korleis ein forvaltar sitt samfunnsansvar gjennom sine selskap. Samfunnsansvar kan relaterast til likestilling, integrering, arbeid mot korrupsjon, etikk, HMS, openheit og innsyn, kvalitet, brukarmedverknad og miljø- og klimatiltak. Styret og den daglege leiinga i selskapa har ansvar for å integrere samfunnsansvar i drifta.

Etiske vurderingar og haldningar er viktige for å drive eit selskap samfunnsansvarleg, då desse legg grunnlaget for korleis ein faktisk handlar. Kommunen forventar at dei selskap som kommunen har eigarinteresser i utarbeider egne etiske retningslinjer og at disse er offentleg tilgjengelig. Kommunens etiske normer og etiske problemstillingar leggst til grunn for dette arbeidet.

Retningslinene bør diskuterast og eventuelt reviderast årleg.²⁰

Kommunen skal ha ein bedriftskultur som og inneber at arbeidstakarar skal kunne varsle om kritikkverdige tilhøve på sin arbeidsplass. Kommunen har utviklet rutinar som legger til rette for varsling via fleire kanalar, både eksterne og interne.

²⁰ Jf. KS si anbefaling nr 19.

Folkevalde og tilsette har alle eit personleg ansvar for å gjere seg kjende med og etterleve dei vedtak og instruksar som gjeld for deira rolle/stilling, og at kvar enkelt har eit sjølvstendig ansvar for at veremåte og handlingar er i samsvar både med kjerneverdiane og etiske prinsipp.

Openheit og innsyn

Openheit og innsyn i forvaltninga sitt arbeid er viktige prinsipp for offentleg verksemd. Kommunen praktiserer prinsippet om meiroffentlegheit som inneber at kommunen skal vurdere om dokumenter som kan unntakast offentlegheit, likevel kan utleverast.

Forvaltningslova og offentlegheitslova er sentrale og for selskap og føretak. KS peker i sine anbefalingar om eigarstyring på at forvaltningsloven gjeld for all verksemd som drivast innanfor kommunen som eige rettssubjekt, inkludert kommunale føretak. Selskap er normalt ikkje omfatta av forvaltningslova, men dersom dei har so tett tilknytning til forvaltninga at dei kan reknast å være «organ for stat eller kommune», vil forvaltningslova likevel gjelde. Grensedraginga beror på ei heilheitsvurdering. Relevante vurderingstema er selskapsform, føremål og bakgrunnen for opprettinga, kva slags verksemd selskapet driv, om selskapet har monopolverksemd, og om den må regnes som eit ledd i gjennomføringa av kommunal politikk. Det sentrale vurderingstemaet vil være kor sterk reell tilknytning det er mellom selskapet og forvaltninga.

Offentlegheitsloven gjeld for kommunalt eigde selskap dersom det offentlege har eigarandelar som gir rett til meir enn halvparten av stemmene i det øvste organet, eller direkte eller indirekte har rett til å velje meir enn halvparten av medlemmane med stemmerett i det øvste organet. Offentlegheitslova gjeld likevel ikkje for offentleg eigde selskap som hovudsakeleg driver næringsverksemd i direkte konkurranse med og på same vilkår som private.

Kommune forventar at kommunalt eigde selskap praktiserer meiroffentlegheit i den grad det er mogleg, og i dei tilfelle der selskapet driv næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private.

Leiinga i føretak og selskap har sjølv ansvaret for å avklare selskapets/føretakets status i forhold til forvaltnings- og offentlegheitslova sine reglar.

Forholdet til offentlige anskaffingar

Lov om offentlege anskaffingar gjeld for «statlige, kommunale og fylkeskommunale myndigheter og offentligrettslige organer».

«Offentligrettslige organer» er organ eller verksemdar som er organisert som eigne rettssubjekt og som står i ei nær tilknytning til det offentlege. Det er tre vilkår som må være oppfylt for at verksemda skal reknast som eit offentligrettsleg organ:

- Organet må være oppretta for å tene allmennheita sine behov og ikkje være av industriell eller forretningsmessig karakter
- Organet må vere organisert som eit sjølvstendig rettssubjekt
- Organet må ha ein tilstrekkeleg tilknytning til det offentlege

Når ei verksemd i hovudsak er finansiert av det offentlege, kontrollert av det offentlege, eller det offentlege oppnemner meir enn halvparten av medlemmane til verksemdas styrande

organ, må det antakast at kriteria for å følge anskaffingsreglane er oppfylt. At ei verksemd i hovudsak er finansiert av det offentlege inneber at minst 50 % av finansieringa kjem frå offentlege kjelder i form av direkte tilskot til drift, lån, eller aksjekapital/eigenkapital.

Kommunen forventar at alle selskap og føretak som er omfatta av reglene om offentlege anskaffingar, etterlever dette regelverket, og at retningslinjer nedfelt i kommunens innkjøpsstrategi vert lagt til grunn.

Korrupsjon og kvitvasking

Kommunen forventar at selskap kommunen har eigarandelar i har nulltoleranse for korrupsjon og kvitvasking. Strengt krav til openheit og offentlegheit er eit virkemiddel mot korrupsjon og kvitvasking.

Kommunen er opptatt av at selskap som kommunen har eigarinteresser i er opne om problemstillingar knytt til korrupsjon, interessekonfliktar og inhabilitet. Kommunen har reglementer, rutinar og system som gjev styring og kontroll med kommunens forvaltning av fellesskapets verdiar, og liknande styring og kontroll vert forventa av selskap kommunen eig.

FN sine berekraftsmål

FN sine berekraftsmål vil bli ein stadig viktigare del av kommunal satsing og planlegging. Regjeringa har forventningar til at kommunane legg til grunn berekraftsmåla i samfunns- og arealplanlegging. Statsforvaltaren har og i sitt styringsbrev til kommunane vektlagt arbeid med og oppfylting av berekraftsmåla.

Kommunen ønsker at berekraftmåla skal fremmast og vere eit viktig kriterium i dei selskapa som kommunen har eigarskap i. Dette skal bidra til at eigarskapet vårt blir grønar og smartare.

Bidra til lokal utvikling og gode tenester til våre innbyggjarar

All tenesteproduksjon som kommunen er involvert i, har som formål å skape gode lokalsamfunn og yte gode tenester til kommunen sine innbyggjarar.

Kommunen forventar at den drift og tenesteproduksjon som skjer i kommunalt eigde selskap bidreg til lokal utvikling og lokalt eigarskap. Ein ønsker at selskapa prioriterer innovasjon og omsyn til miljø,

Dersom ein vel å utføre tenesteproduksjonen i regi av eit kommunalt eigd selskap, anna kommunalt samarbeid, eller selskap som er eigd saman med private aktørar, så er det viktig at ein har fokus på det primære formålet med all kommunal verksemd, som er å ivareta våre innbyggjarar sine behov.

Del II

Om eigarskapsmelding del II

Del II av eigarmeldinga refererer til kommunelovens § 26-1 b og c, med oversikt over selskap og andre verksemdar som kommunen har eigarinteresser i, samt kommunens formål med sine eigarinteresser, omtale av kvart av selskapa som kommunen har eigarskap i, og ei vurdering av fortsett eigarskap.

Oversikt eigarskap/deltaking

Selskaps- og føretaksformer for kommunal sektor

Kommunar har ei rekkje ulike organisasjonsformer å velje mellom. Nedanfor følgjer ei kort oversikt av dei ulike alternativa;

Kommunen sin eigen driftsorganisasjon er administrasjonen slik han er organisert under kommunedirektøren.

Aksjeselskap kan vere heileigd av kommunen, men dei kan og eige det saman med andre. Selskapsforma er primært tenkt nytta til forretningsmessige oppgåver. Selskapet blir leia av generalforsamling og styre, og det er eit sjølvstendig rettssubjekt. Ansvar for pliktene til selskapet er avgrensa til den kapitalen kommunen har tilført selskapet.

Kommunalt føretak er ein del av kommunen, men blir leia av eit eige styre og dagleg leiar. Dagleg leiar er ikkje underordna kommunedirektøren. Kommunestyret kan instruere føretaksstyret. Kommunalt føretak høver best for forretningsmessige oppgåver.

Vertskommunesamarbeid er ei form for interkommunalt samarbeid der verksemda er lagt til administrasjonen i ein av dei deltakande kommunane. Vertskommunesamarbeidet kan leiast av ei eiga folkevald nemnd, eller av kommunedirektøren i vertskommunen. Vertskommunesamarbeid kan mellom anna nyttast til lovpålagte oppgåver og til utøving av mynde. Samarbeidet blir regulert av ei samarbeidsavtale.

Kommunalt oppgåvefellesskap²¹, **kapittel 19 i kommunelova**, som gjev to eller fleire kommunar høve til å løyse felles oppgåver. Oppgåvefellesskapet kan ikkje treffe enkeltvedtak. Fellesskapet skal styrast av eit representantskap som kan opprette eit styre. Det skal ligge føre ei samarbeidsavtale.

Interkommunalt selskap er ei eiga selskapsform laga for interkommunalt samarbeid. Det blir leia av eit representantskap og eit styre. Selskapet er eit sjølvstendig rettssubjekt. Den einskilde kommunen heftar uavgrensa for sin del av pliktene til selskapet.

Samvirkeføretak er eigd av brukarane og skal tene interessene deira gjennom økonomisk verksemd eigd i fellesskap. Det blir leia av eit styre, og er eit sjølvstendig rettssubjekt.

²¹ Interkommunalt samarbeid etter §27 i gammal kommunelov er erstatta av kommunalt oppgåvefellesskap i ny kommunelov.

Stiftingar er sjølvveigande og blir leia av eit styre. Dei er sjølvstendige rettssubjekt.

Ved evt konkurranseutsetjing blir oppgåva løyst av den verksemda som vinn fram i tevlinga. Denne verksemda kan vere organisert på fleire måtar. Oppdragsgjevande kommune si moglegheit til å utøve kontroll/styring, vert regulert av konkurransegrunnlaget, kontrakten og kontraktsoppfølginga.

Aksjeselskap der Sande kommune eig aksjar

Aksjeselskap			
Namn	Org.nr	Eigardel	Balanseført verdi 31.12.22
Tussa kraft AS	916 929 641	0,86 %	280 000 kr
Sande Fastlandsamband AS	950 413 441	56,3 %	3 925 000 kr
Furene Holding AS	926 080 377	3,8 %	56 819 kr
Furene AS	923 994 149	- %	5 250 kr
Muritunet AS	961 721 652	- %	50 000 kr
Nordøyvegen AS	Oppløyst	- %	2 000 kr
Hareid Fastlandsamband AS	939 743 863	0,47 %	61 000 kr
Fjord Norge AS	966 091 118	0,12 %	5 000 kr
Sunnmøre Veginvest AS	Oppløyst	- %	11 000 kr
Rovdefjordsambandet AS	996 605 949	8,81 %	850 000 kr
Utviklingsforum Ålesund Lufthamn AS	922 031 142	2,44 %	25 000 kr
Kystvegen Måløy – Florø AS	997 302 818	0,75 %	10 000 kr
Runde Forsking AS	925 616 028	0,94 %	100 000 kr
KLP, innskot EK			11 169 614
Biblioteksentralen AL			600

Balanseført verdi er henta frå rekneskap 2022 note 5.

Tussa Kraft AS

Informasjon om selskapet:	Org.nr. 916 929 641 https://w2.brreg.no/enhet/sok/detalj.jsp?orgnr=916929641 https://www.tussa.no/
Eigarar og eigarandel	Tussa Kraft AS har to aksjeklasser. Grunnen til det er omsynet til industrikonsesjonslova sine vilkår for evigvarande konsesjonar som krev minst 2/3 offentlig eigarskap. Av den grunn er det vedtektsfesta at det berre er kommunar og fylkeskommunar som kan eige aksjeklassa med 2/3 av aksjane. I følgje kommunen sin årsrapport eig Sande kommune 0,86 % av selskapet. Balanseført verdi pr 31.12.22 er kr 280.000,-. https://www.aksjeeiere.no/?year=2020&q=916929641
Formål	Tussa skal drive forretningsverksemd med utgangspunkt i produksjon, overføring og omsetning av energi og breibandsprodukt. Varer og tenester skal vere basert på Tussa sin infrastruktur eller kjernekompetanse
Generalforsamling og styre	Aksjonæranne utgjer generalforsamlinga. Styrets leder og nestleder: Sjå www.proff.no Styremedlem: Sjå www.proff.no
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er finansielt motivert. Ein tilrår å vidareføre eigarskapet.

Sande Fastlandssamband AS

Informasjon om selskapet:	Org.nr. 950 413 441 https://w2.brreg.no/enhet/sok/detalj.jsp?orgnr=950413441 https://www.sande-fastlandssamband.no/
Eigarar og eigarandel	I følgje kommunen sin årsrapport eig Sande kommune 56,3 % av selskapet. Balanseført verdi pr 31.12.22 er kr 3.925.000,-. Finn ikkje noko informasjon om selskapet i aksjonærregisteret.
Formål	Å byggje og drive tunnelsamband mellom Gurskøy-Sandsøy, Voksa-Åram og Voksa-Kvamsøy, og stå for alt som har med dette å gjere.
Generalforsamling og styre	Aksjonæranne utgjer generalforsamlinga. Styrets leder: Sjå www.proff.no Styremedlem: Sjå www.proff.no
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er samfunnsøkonomisk og regionalpolitisk motivert. Ein tilrår å vidareføre eigarskapet.

Furene Holding AS

Informasjon om selskapet:	Org.nr. 926 080 377 https://w2.brreg.no/enhet/sok/detalj.jsp?orgnr=926080377 https://www.furene.no/
Eigarar og eigarandel	I følgje kommunen sin årsrapport eig Sande kommune 3,79 % av selskapet. Balanseført verdi pr 31.12.22 er kr 56.819,-. https://www.aksjeeiere.no/?year=2020&q=926080377
Formål	Primæroppgåven er å eige selskap som leverer arbeidsinkluderande tenester eller har liknande primæroppgåver, utleie av eigedom, samt anna som naturleg ligg inn under formålet.
Generalforsamling og styre	Aksjonærane utgjer generalforsamlinga. Styrets leiar og nestleier: Sjå www.proff.no Styremedlem: Sjå www.proff.no
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er motivert ut frå effektivisering av tenestemråde/tenestetilbod. Ein tilrår å vidareføre eigarskapet.

Furene AS

Informasjon om selskapet:	Org.nr. 923 994 149 https://w2.brreg.no/enhet/sok/detalj.jsp?orgnr=923994149 https://www.furene.no/
Eigarar og eigarandel	I følgje kommunen sin årsrapport eig Sande kommune 3,8 % av selskapet. Balanseført verdi pr 31.12.22 er kr 5.250,-. https://www.aksjeeiere.no/?year=2020&q=FURENE+AS&page=1
Formål	Legge til rette for vidare personleg utvikling hjå arbeidssøkarar etter den politiske vedtekne arbeidslinja. Drifta vert basert på verdiskapning gjennom produksjon, service og tenester.
Generalforsamling og styre	Aksjonærane utgjer generalforsamlinga. Styrets leiar og nestleiar: Sjå www.proff.no Styremedlem: Sjå www.proff.no
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er motivert ut frå effektivisering av tenestemråde/tenestetilbod. Ein tilrår å vidareføre eigarskapet.

Muritunet AS

Informasjon om selskapet:	Org.nr. 961 721 652 https://www.aksjeeiere.no/?year=2020&q=961721652 https://www.muritunet.no/
Eigarar og eigarandel	I følgje kommunen sin årsrapport eig Sande kommune 50 stk aksjer pålydande 1000 kr. Balanseført verdi pr 31.12.22 er kr 50.000,-.
Formål	Eige og drive institusjonen Muritunet AS. Institusjonen skal gje medisinsk behandling og levere ulike former for helsefremjande og sjukdomsførebyggjande tenester som del av det totale helsetilbodet i landsdelen. Hovudvekta skal ligge på spesialisert rehabilitering, opptrening og opplysning samt anna verksemd som står i samanheng med dette.
Generalforsamling og styre	Aksjonærane utgjer generalforsamlinga. Styrets leder og nestleder: Sjå www.proff.no Styremedlem: Sjå www.proff.no
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er knytt til felles løysingar for spesialiserte tenester innan helsefremjande og -førebyggjande arbeid, samt rehabilitering og opptrening. Ein tilrår å vidareføre eigarskapet.

Nordøyvegen AS

Informasjon om selskapet:	Org.nr. 945 694 513 Selskapet oppløyst i 2019.
Eigarar og eigarandel	I følgje kommunen sin årsrapport eig Sande kommune x stk aksjer pålydande xx kr. Balanseført verdi pr 31.12.22 er kr 2.000,-.
Formål	
Generalforsamling og styre	
Kommunen sin eigarstrategi	Selskapet oppløyst og eigarskapet/eigendelen må avsluttast/avskrivas i kommunen sitt rekneskap.

Hareid Fastlandssamband AS

Informasjon om selskapet:	Org.nr. 939 743 863 https://w2.brreg.no/enhet/sok/detalj.jsp?orgnr=939743863 https://hafast.no/
Eigarar og eigarandel	I følgje kommunen sin årsrapport eig Sande kommune 0,47 % av selskapet. Balanseført verdi pr 31.12.22 er kr 61.000,-. https://www.aksjeeiere.no/?year=2020&q=939743863
Formål	Selskapet sitt føremål er å arbeide for realisering av planar om fast vegsamband mellom Hareid og Sula og mellom Sula og Ålesund. Selskapet vil kunne gå inn i eller samarbeide med andre vegsamband og/eller selskap som er tenlege og av felles interesse for eigarane.
Generalforsamling og styre	Aksjonærane utgjer generalforsamlinga. Styrets leder og nestleder: Sjå www.proff.no Styremedlem: Sjå www.proff.no
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er samfunnsøkonomisk og regionalpolitisk motivert. Ein tilrår å vidareføre eigarskapet.

Fjord Norge AS

Informasjon om selskapet:	Org.nr. 966 091 118 https://w2.brreg.no/enhet/sok/detalj.jsp?orgnr=966091118 https://www.fjordnorway.com/no
Eigarar og eigarandel	I følgje kommunen sin årsrapport eig Sande kommune 0,12 % av selskapet. Balanseført verdi pr 31.12.22 er kr 5.000,-. https://www.aksjeeiere.no/?year=2020&q=966091118&page=1
Formål	Selskapet har ikke erverv som formål. Selskapets primære formål er å drive internasjonal markedsføring og tilrettelegging for salg for reiselivet i Rogaland, Hordaland, sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Selskapet har også anledning til å drive nasjonal markedsføring. Det skal særlig arbeid for å utvikle et helårlig reiseliv.
Generalforsamling og styre	Aksjonærane utgjer generalforsamlinga. Styrets leder og nestleder: Sjå www.proff.no Styremedlem: Sjå www.proff.no
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er knytt til styrking av kommunen eller regionen sin vekst. Ein tilrår å vidareføre eigarskapet.

Sunnmøre Veginvest AS

Informasjon om selskapet:	Org.nr. 981 931 467 Selskapet oppløyst i 2012.
Eigarar og eigarandel	I følgje kommunen sin årsrapport eig Sande kommune x stk aksjer pålydande xx kr. Balanseført verdi pr 31.12.22 er kr 11.000,-.
Formål	
Generalforsamling og styre	
Kommunen sin eigarstrategi	Selskapet oppløyst og eigarskapet/eigendelen må avsluttast/avskrivas i kommunen sitt rekneskap.

Rovdefjordsambandet AS

Informasjon om selskapet:	Org.nr. 996 605 949 https://w2.brreg.no/enhet/sok/detalj.jsp?orgnr=996605949 https://rovdefjordsambandet.no/
Eigarar og eigarandel	I følgje kommunen sin årsrapport eig Sande kommune 8,81 % av selskapet. Balanseført verdi pr 31.12.22 er kr 850.000,-. Finn ikkje noko informasjon om selskapet i aksjonærregisteret.
Formål	Arbeide for realisering av fast samband mellom Koparnes/ Bjørlykke i Vanylven kommune og Storeneset/Saude Indre i Sande kommune.
Generalforsamling og styre	Aksjonærene utgjør generalforsamlinga. Styrets leder og nestleder: Sjå www.proff.no Styremedlem: Sjå www.proff.no
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er samfunnsøkonomisk og regionalpolitisk motivert. Ein tilrår å vidareføre eigarskapet.

Utviklingsforum Ålesund Lufthavn AS

Informasjon om selskapet:	Org.nr. 922 031 142 https://w2.brreg.no/enhet/sok/detalj.jsp?orgnr=922031142
Eigarar og eigarandel	I følgje kommunen sin årsrapport eig Sande kommune 2,44 % av selskapet. Balanseført verdi pr 31.12.22 er kr 25.000,-. https://www.aksjeeiere.no/?year=2020&q=922031142 .
Formål	Styrke regionen gjennom å utvikle Ålesund lufthavn, Vigra til beste for innbyggere og næringsliv. Selskapets fokusområder er styrking av rutetilbud med særskilt fokus på utenlandsruter, flyplassrelatert infrastruktur og tilbringertjeneste. Selskapet skal være en pådriver for bærekraftig grønn transport. Foretaket har ikke-økonomisk formål og eventuelle overskudd tillegges egenkapitalen for videre realisering av formålet. Utbytte kan ikke utbetales. Ved sletting av enkeltaksjer skal kapitalen ikke utdeles men tilfalle selskapet for realisering av formålet. Ved oppløsning eller avvikling av foretaket skal gjenværende kapital tilfalle selskap, institusjon eller organisasjon som har et tilsvarende eller lignende formål.
Generalforsamling og styre	Aksjonærene utgjør generalforsamlinga. Styrets leder og nestleder: Sjå www.proff.no Styremedlem: Sjå www.proff.no
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er samfunnsøkonomisk og regionalpolitisk motivert. Ein tilrår å vidareføre eigarskapet.

Kystvegen Måløy – Florø AS

Informasjon om selskapet:	Org.nr. 997 302 818 https://w2.brreg.no/enhet/sok/detalj.jsp?orgnr=997302818 https://www.45minuttsregionen.no/
Eigarar og eigarandel	I følgje kommunen sin årsrapport eig Sande kommune 0,75 % av selskapet. Balanseført verdi pr 31.12.22 er kr 10.000,-. https://www.aksjeeiere.no/?year=2020&q=997302818
Formål	Finansiere og gjennomføre utbetring og innkorting av vegen fra Florø via Svelgen til Måløy i samsvar med intensjonen i samarbeidsprosjektet "45 min region".
Generalforsamling og styre	Aksjonærene utgjør generalforsamlinga. Styrets leder og nestleder: Sjå www.proff.no Styremedlem: Sjå www.proff.no
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er samfunnsøkonomisk og regionalpolitisk motivert. Ein tilrår å vurdere eigarskapet.

Runde Forskning AS

Informasjon om selskapet:	Org.nr. 925 616 028 https://w2.brreg.no/enhet/sok/detalj.jsp?orgnr=925616028 https://www.rundeforsking.no/
Eigarar og eigarandel	I følgje kommunen sin årsrapport eig Sande kommune 0,94 % av selskapet. Balanseført verdi pr 31.12.22 er kr 100.000,-. https://www.aksjeeiere.no/?year=2020&q=925616028
Formål	Drift av ein forskingsinstitusjon retta mot kystøkologi, marin forskning, maritimt næringsliv og offentlege myndigheiter. Selskapet er eit non-profit føretak, og eventuelt overskot skal gå til tiltak innan marin og maritim forskning.
Generalforsamling og styre	Aksjonærane utgjer generalforsamlinga. Styrets leder og nestleder: Sjå www.proff.no Styremedlem: Sjå www.proff.no
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er knytt til styrking av kommunen eller regionen sin vekst. Ein tilrår å vurdere eigarskapet.

Samvirkeføretak (SA) der Sande kommune eig andelar

Samvirkeføretak			
Namn	Bokført verdi 2022	Eigardel	Garanti - ansvar
Biblioteksentralen SA	600		

Garantiansvar er saldo henta frå rekneskap 2021 note 11.

Biblioteksentralen SA

Informasjon om selskapet:	Org.nr. 910 568 183 https://w2.brreg.no/enhet/sok/detalj.jsp?orgnr=910568183 https://www.bibsent.no/
Eigarar og eigarandel	Biblioteksentralen er et samvirkeforetak med 352 kommuner, 9 fylkeskommuner, KS og Norsk Bibliotekforening som medlemmer. Kvart medlem har ei stemme på årsmøtet. Kommunane sin eigarandel er 1 stk pr 1200 innbyggjarar. Sande kommune eig 2 stk andelar à kr 300,-
Formål	Være et serviceorgan for alle typer offentlige biblioteker. Biblioteksentralen har til oppgave å være hovedleverandør av produkter og tjenester til biblioteker og lignende institusjoner. I tillegg kan Biblioteksentralen delta i/etablere virksomhet med det formål å betjene det totale bok-, informasjon- og kunnskapsmarkedet. Biblioteksentralen skal drives etter vanlige bedriftsøkonomiske prinsipper, slik at det skapes økonomisk trygghet og utviklingsmuligheter og slik at andelseiernes interesser ivaretas på beste måte.
Årsmøte og styre	Årsmøte er selskapets øvste organ. Årsmøte vel styre inkl varamedlemmer, leiar, nesteleiar, valkomitè og revisor. Styrets leder og nestleder: Sjå www.proff.no Styremedlem: Sjå www.proff.no
Kommunen sin eigarstrategi	Medlemskapet er knytt til felles løysingar for bibliotektenester i kommunen. Ein tilrår å vidareføre medlemskapet.

Interkommunale selskap (IKS) som Sande kommune har eigardel i.

Interkommunale selskap		
Namn	Eigardel	Garanti - ansvar
Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS	1,212 %	-
Sunnmøre regionråd IKS	6,67% (1/15)	-
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS	14,29 % (1/7)	-
Søre Sunnmøre reinhaldsverk IKS	35,67 %	35 183 286

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS

Informasjon om selskapet:	Org.nr. 982 330 459 https://w2.brreg.no/enhet/sok/detalj.jsp?orgnr=982330459 https://www.ikamr.no/
Eigarar og eigarandel	Kommunane i Møre og Romsdal, samt Rindal kommune og Møre og Romsdal Fylkeskommune eig IKSèt. Eigarandelane er i hovesak basert på folketal, og Sande kommune sin eigarandel og –forpliktelse er med det 1,02%.
Formål	Selskapet skal arbeide for at arkivmateriale frå eigarane eller slikt materiale som desse tek ansvar for, blir teke vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg bruk, forskning og andre administrative og kulturelle føremål, i samsvar med arkivlova.
Representantskap og styre	Representantskapet utgjer eigarskapet. Representantskapet vel leiar og nestleiar for representantskapet. Styrets leder og nestleder: Sjå www.proff.no Styremedlem: Sjå www.proff.no
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er knytt til felles løysingar for lovpålagte arkivtenester i eigarkommunene. Ein tilrår å vurdere eigarskapet.

Sunnmøre Regionråd IKS

Informasjon om selskapet:	Org.nr. 898 127 052 https://w2.brreg.no/kunngjoring/hent_en.jsp?kid=20120000245536&sok-everdi=898127052 https://sunnmoreregionrad.no/
Eigarar og eigarandel	Kommunane Fjord, Giske, Haram, Hareid, Herøy, Sande, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Volda, Vestnes, Ørsta og Ålesund eig IKSèt. Alle kommunane har lik eigardel i selskapet. Kommunen sin økonomiske ansvar er lik kommunes eigardel i selskapet.
Formål	Sunnmøre Regionråd er eit felles organ for deltakarkommunane. Selskapet har som målsetting å bidra til ei positiv utvikling i regionene samla og i deltakarkommunane. Selskapet skal vere ein aktiv regional pådrivar med vekt på regional samfunnsutvikling og næringsutvikling og interkommunalt samarbeid.
Representantskap og styre	Representantskapet utgjør eigarskapet. Representantskapet konstituerer seg etter kvar valperiode og vel leiar og nestleiar for representantskapet. Styrets leiar og nestleiar: Sjå www.proff.no Styremedlem: Sjå www.proff.no
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er knytt til styrking av kommunen eller regionen sin vekst. Ein tilrår å vurdere eigarskapet.

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS

Informasjon om selskapet:	Org.nr. 974 789 280 https://w2.brreg.no/enhet/sok/detali.jsp?orgnr=974789280
Eigarar og eigarandel	Kommunane Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Ørsta og Volda eig IKSèt. Alle kommunane har lik eigardel i selskapet. Kommunen sin økonomiske ansvar er lik kommunes eigardel i selskapet.
Formål	Utføre revisjon i deltakarkommunane og selskap eigd av deltakarkommunane. I tillegg kjem revisjon av stiftingar og andre verksemdar, foreiningar, osv. der kommunane har vesentlege interesser.
Representantskap og styre	Representantskapet utgjør eigarskapet. Representantskapet konstituerer seg og vel leiar og nestleiar for representantskapet. Styrets leiar og nestleiar: Sjå www.proff.no Styremedlem: Sjå www.proff.no
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er knytt til felles løysingar for lovpålagte revisjonstenester i eigarkommunen. Ein tilrår å vurdere eigarskapet.

Søre Sunnmøre Reinholdswerk IKS

Informasjon om selskapet:	Org.nr. 987 570 970 https://w2.brreg.no/enhet/sok/detalj.jsp?orgnr=987570970 https://reinholdswerket.no/
Eigarar og eigarandel	Kommunane Hareid, Herøy, Sande, og Ulstein eig IKSèt. Eigarandelen og –forpliktelsane er forholdsmessige basert på innbyggartalet i kommunen.
Formål	Selskapet si kjerneverksemd er å vere kommunane sitt forvaltnings- og bestillarorgan, som leverer avfallstenester til hushaldningar, fritidsbustader, skular og barnehagar.
Representantskap og styre	Representantskapet utgjer eigarskapet. Representantskapet skal ha 11 representantar eller fastsett kriterier basert på innbyggartal. Pr dd har representanskapet slik samansetning: Herøy 4 stk, Hareid 2 stk, Sande 2 stk, og Ulstein 3 stk. Representanskapet konstituerer seg etter kvar valperiode og vel leiar og nestleiar for representantskapet. Styrets leiar og nestleiar: Sjå www.proff.no Styremedlem: Sjå www.proff.no
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er knytt til felles løysingar for lovpålagte avfallstenester i eigarkommunen. Ein tilrår å vurdere eigarskapet.

Anna eigarskap/eigaransvar

Anna / foreining / lag / blanda ansvar			
Namn	Bokført verdi 2022	Organisering	Garanti – ansvar 2022
Kommunal Landspensjonskasse (KLP)	11 169 614	Gjensidig forsikringsselskap	-
NMK Sunnmøre		Foreining	Kr 183 123,-